



**Valle Sparebank**  
- allstøtt med deg

## KUNNGJERING AV KUNDEVAL I VALLE SPAREBANK

Det vert halde kundeval i Valle Sparebank **torsdag 27.mars 2025 kl. 1800 i Sæbyggjen.**

Det skal veljast 2 faste medlemer til generalforsamlinga, og 3 varamedlemer. Valet gjeld for 4 år for dei faste medlemene, og 1 år for varamedlemene. Liste over medlemene i generalforsamlinga, og kven av desse som er på val, og annan relevant informasjon om valet er tilgjengeleg på banken si nettside.

§ 3-4 i vedtekten til banken regulerer kven som kan røyste, og kven som veljast:

### **§ 3-4 Medlemer til generalforsamlinga valde av kundane**

Dei myndige kundane i sparebanken har røysterett når det skal veljast medlemer til generalforsamlinga i sparebanken blant kundane. Kvart kundeforhold gjev éi røyst når ikkje anna fylgjer av lova eller vedtekten.

Kundar i sparebanken kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representantar for kundane. Alle kundevalde medlemer av generalforsamlinga må bu eller ha sitt virke i Valle kommune.

Kundar med røysterett pliktar å take i mot val som medlem eller varamedlem, med mindre vedkomande har gjort teneste som medlem av generalforsamlinga, styre eller kontrollkomité i minst ein valperiode.

Kundar med røysterett kan fremje forslag til kandidatar seinast 4 veker før valet. Forslaget skal innehalde namn, fødselsår, yrke og adresse og sendast til post@valle-sparebank.no eller til Valle Sparebank, postboks 53 4747 Valle.

Det er ei eiga valnemnd som førebur kundevalet. Innstillinga frå valnemnda ligg til gjennomsyn på banken si nettside dei siste 14 dagane før valet.

**Knut Hagen  
Leiar i generalforsamlinga**